



“På lag med bygdi”

## **Møtedokument til Årsmøte i Lærdal Idrettslag**

**Dato: 30.03.23 kl. 19.00**

**Stad: Klubbhuset**

**Sak 01/23: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Tilråding til vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjent.

**Sak 02/23: Val av møteleiar**

Tilråding til vedtak: Saka vert lagt fram utan tilråding.

**Sak 03/23: Val av skrivar**

Tilråding til vedtak: Saka vert lagt fram utan tilråding

**Sak 04/23: Val av to til å skrive under møteprotokollen**

Tilråding til vedtak: Saka vert lagd fram utan tilråding.

**Sak 05/23: Årsmeldingar**

Tilråding til vedtak: Årsmøte godkjenner årsmeldingane frå gruppene.

Utgreiing: Årsmeldingane er utarbeida av gruppene og vert lest opp på møtet. Dei er også tilgjengelege på heimesida til laget/gruppene.

- Fotball
- Friidrett
- Turn og barneidrett
- Innebandy
- Skeise
- Ski
- Handbak
- Hovudlaget



“På lag med bygdi”

**Sak 06/23:                Rekneskap 2022**

Tilråding til vedtak:    Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2022

Utgreiing:                Rekneskapsrapport vert lagt fram i møtet.

**Sak 07/23:                Melding frå kontrollutvalet**

Tilråding til vedtak:    Årsmøtet godkjenner melding frå kontrollutvalet

Utgreiing:                Melding frå kontrollutvalet vert lagt fram i møtet.

**Sak 08/23:                Medlemskontingent 2023 og 2024**

Tilråding til vedtak:    Årsmøtet vedtek å vidareføre medlemskontingent på 150 kr pr medlem.

Utgreiing: Medlemskontingenten i Lærdal Idrettslag vart endra i 2019. Det er tilrådd å vedta medlemskontingent eit år fram, slik at vi er klare til å fakturere ut medlemskontingentar fom 01.01.24. Dette særleg slik at nye medlemmar får tilsendt faktura ved innmelding i laget.

**Sak 09/23:                Fordeling av tilskot mellom gruppene**

Tilråding til vedtak:    Fordeling av tilskot vert ikkje endra.

Fordelinga mellom gruppene skal vurderast årleg.

Utgreiing: Økonomien i laget er god. Styret i hovudlaget disponerer 25% av tilskot/felles midlar. Dei resterande midlane vert fordelt etter følgjande fordelingsfaktor;

- Fotball    30%
- Turn og barneidrett 20%
- Skeise    15%
- Handball    0%
- Friidrett    10%
- Ski    10%
- Innebandy    5%
- Handbak    10%
- Symjing og klatring etter avtale

Det er ei forventning at gruppene stiller opp på dugnad for å finansiere eigen aktivitet, utanom desse tilskota.



“På lag med bygdi”

### **Sak 10/23: Budsjet 2023**

Tilråding til vedtak: Budsjet for 2023 vert godkjent og styret får fullmakt til å gjere naudsynte endringar.

Utgreiing: Budsjettet vert lagt fram i møtet. Usikkerheit grunna Covid-19 pandemien dei siste to år, samt dei auka straumprisane har gjort budsjettering krevjande dei siste åra.

### **Sak 11/23 Innkomne saker – Endring av farge spelardrakt – shorts**

Spelardrakta er i dag raud overdel, kvit shorts og raude sokkar.

Klubbdrakt er raud jakke og blå bukse.

Styret har motteke framlegg til endring av spelardrakt frå fotballgruppa.

*Mange jenter opplever ubehagelege situasjonar rundt menstruasjon og bruken av kvit shorts. Det er heller ingen gunstig farge ved nedbør, då den kan bli gjennomsliktig. Me ser på dette som eit såpass stort problem at me kan miste spelarar pga denne problemstillinga. Fleire klubbar, både nasjonalt og internasjonalt, har bytta ut den kvite shortsens med anna farge, og me meiner det er på høg tid at Lærdal følgjer etter.*

*Forslag frå fotballgruppa er at me alle skiftar farge til raud shorts.*

*Grunnen til at me meiner alle skal skiftar og ikkje berer jentelaga er pga lagfølesen og fordi nokre jenter spelar på lag med gutane.*

*På veggen av fotballgruppa Stine Kvam Golf.*

Tilråding til vedtak: Sak vert lagd fram utan tilråding

### **Sak 12/23: Val av styre i hovudlaget i Lærdal Idrettslag**

Tilråding til vedtak: Valnemnda legg fram forslag til nytt styre i møtet

Utgreiing: Noverande styret i hovudlaget/arbeidsutvalet;

Leiar Guri Olsen – På val

Nestleiar Alexander Offerdal – 2022 / 2024 – ikkje på val

Kasserar Jarle Offerdal - på val – vald for 1 år sist.

Sekretær Matias Askvik – 2021 / 2023 - på val

Styremedlem Janne Reppen - 2022 / 2024 – ikkje på val

Styremedlem Kathrine Njåstad Blaafat - 2022 / 2024 – ikkje på val



“På lag med bygdi”

- 1.varamedlem Sissel Øye – 2022 / 2024 – ikkje på val
- 2.varamedlem May Britt Solheim - 2021 / 2023 – på val

**Sak 13/23: Val av leiar i hovudlaget i Lærdal Idrettslag**

Tilråding til vedtak: Valnemnda legg fram forslag i møtet

Utgreiing: Noverande leiar; Guri Olsen

**Sak 14/23: Val av nestleiar i hovudlaget i Lærdal Idrettslag**

Tilråding til vedtak: Valnemnda legg fram forslag i møtet

Utgreiing: Noverande nestleiar; Aleksander Offerdal

**Sak 15/23: Godtgjersle til styret i hovudlaget i 2023**

Tilråding til vedtak: Årsmøtet vedtek å ikkje endre godtgjersla til styret i hovudlaget

Utgreiing: Noverande ordning;

- Leiar i styret: kr 10.000
- Kasser : kr 2.000
- Skrivar: kr 1.000
- Øvrige medlemmer i styret: kr 500

**Sak 16/23: Val av kontrollutval**

Tilråding til vedtak: Valnemnda legg fram forslag til 2 medlemmar i kontrollutvalet samt vara i møtet

Utgreiing: Noverande kontrollutval

**Sak 17/: 23 Godtgjersle til kontrollutval i 2023**

Tilråding til vedtak; Styret i hovudlaget foreslår å gi medlemmane i kontrollutvalet kr 500 i året.

**Sak 18/23: Valnemnd i Lærdal Idrettslag for 2023**

Tilråding til vedtak: Styret legg fram forslag i møtet



“På lag med bygdi”

Utgreiing: Valnemnd for år 2021 var Trine Grøttbø, (leiar) Sæmund Stokstad, Renate Fossen. Det er viktig at heile bygdi og begge kjønn er representert i valnemnda.